



Folksamt: Mykje folk hadde møtt fram for og få med seg opninga av den 14. sesongen av sommarakademiet.

Internasjonal opning i Galleri Frøya

Indre Sfære: Elisabet Tonheim med installasjonen som ho har kalla «indre sfære»

Temaet for den 14. sesongen i Galleri Frøya er Internasjonal. Dette speglar av instruktørene og reisene som Karin Flatøy Svarstad har planlagt.

Leni Lisæter

ffjordenes.tidende@fjt.no
57849000

Heile fire utstillarar prega Sommarakademiet i Kalvåg. Tre utstillarar hadde spanande maleri i maleri og akrylmix, og på takterrassen hadde den 4. utstillaren, Elisabet Tonheim si kreative utstilling som ho kalla verdjar.

Kreativ bevaring

Gamle vindauge, avlagde møkkagreiper, piggråd og anna avgått utstyr har gjenoppstått i ny utforming.

– Eg likar å kalle det kreativ bevaring av kultur, seier Elisabet. – Eg har laga ulike installasjonar og alle er basert på gjenbruk.

Ho har leika seg mykje med materiale, og både gamle vassrør og greiner med piggråd er blitt flotte vegglysestakar.

– Eg held til på Lindås på den gamle eigedomen Rosenlund, og driv butikk der. Her kan folk sjå og oppleve kunsten min.

Temaet for utstillinga i Galleri Frøya er verdjar. Mykje symbolikk pregar kunsten, og fargen raud går igjen i mange installa-



Ciderservering: Annette Munster serverte cider til gjestene

sjonar.

Maleri i ulike utgaver

To av utstillarane var ikkje til stades denne dagen. Simon Riwett frå Hebridene var i galleriet i pås-ka. Aud Rye frå Oslo har vore tilknytt sommarakademiet sidan starten, og er i Kalvåg årvisst. Dei hadde utstilling av maleri i akryl og akvarell.

Ruth Brownlee frå Shetland var derimot til stades og hadde kurs i Bedehuset. Hennar spesialitet er akrylmixmedia.

– Eg har hatt undervisning i fire dagar seier Ruth Brownlee.

Vi bruker fleire lag med lim, maling og anna material som blir til tredimensjonale bilete.

Ho kunne også fortelje at ho skulle besøke kunstnaren Ørnulf



Opdahl på Godøya.

– Eg skal opp til Ørnulf Opdahl på måndag. Eg er så stolt, for eg elskar teknikken hans, så at han har fatta interesse for mine bilete er ei stor ære.

Offisiell opning

Den offisielle opninga stod ordførar Karl Vidar Førde for.

– Vi treng kreative krefter og dugnadssjeler som Karin i Bremanger, sa Karl Vidar.

Det var også fleire sanginnslag bla. av kulturskulen ved Håvard

Fruktfat på greip: Elisabet ser gull der andre ser gråstein. Her er det møkkagreipa som er blitt fruktfat.

Røys og Ole Andreas Nybø.

Etter opninga var det servering og sal av sveler og kaffi på galleriloftet. Under heile seansen var det filming av TV3 serien «småbruket».

Kamerafolk svinsar rundt mellom folk for å få med seg Annette Munster, ein av dei som håper å vinne eit opphald på gard i Bre-



manger. Ho er med og hjelper til i Galleri Frøya og deler ut aperitiff til gjestene.

Så den som var på galleriopning denne dagen er kanskje statistar på tv til hausten.